



NORDHORDLAND OG GULEN IKS
Lindåsvegen 1260
5956 HUNDVIN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ingrid Torsnes, 5557 2320

Løyve etter forureiningslova til deponi i Kjevikdalen

Vi viser til søknad, sist oppdatert 22. desember 2025.

Vedtak

Statsforvaltaren gir Nordhordland og Gulen IKS (NGIR) oppdatert løyve til forureinande verksemd. Oppdatert løyve med krav og vilkår er vedlagt. Løyve gjeld frå dags dato. Oppdatert løyve er gitt etter forureiningslova § 11, jf. § 29 og 16.

NGIR skal betale gebyr for Statsforvaltaren sin sakshandsaming. Gebyret er fastsett til 228 200 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

Fristar

- Innan 31. desember 2026 skal NGIR
 - ha avskore overflatevatn frå delområde A1, A2 og A3
- Innan 1. juli 2028 skal NGIR
 - søke om utsleppsgrenser for sigevatn, jf. punkt 14.1
- Innan 31.12.2029 skal NGIR
 - ha bygd nytt eller oppgradert eksisterande reinseanlegg for sigevatn
 - ha avslutta delområde A7
- Innan 1. mars kvart år skal NGIR
 - rapportere til Statsforvaltaren, jf. pkt. 11.4

Sjå også løyvet.

Kort om bakgrunnen for saka

NGIR AS har søkt om oppdatert løyve til deponiet i Kjevikdalen i Alver kommune. Søknaden gjeld utviding av deponiet ved å bruke eksisterande steinbrot som allereie er regulert til formålet.



Deponiet i Kjevikdalen er klassifisert i kategori 2 deponi for ordinært avfall, jf. avfallsforskrifta kapittel 9. Den utvida delen av deponiet vil ha same klassifisering. Det er søkt om å deponere ordinært avfall, inert avfall og enkelte typar stabilt, ikkje reaktivt farleg avfall med utlekkingssegenskapar tilsvarande ordinært avfall, jf. avfallsforskrifta kapittel 9.

Det er estimert at gjenståande mengde på gamalt deponi er 100 000 m³. Estimerte mengder for nytt deponi er totalt 930 000 m³ der 240 000 m³ av desse blir lagt over gamal fylling. Det er søkt deponering av 50 000 tonn avfall per år.

Berggrunnen tilfredsstillar ikkje krava til botn- og sidetetting i avfallsforskrifta kapittel 9. Det er utgreidd oppbygging av botn- og sidetetting for å sikre at grunnvatnet ikkje blir forureina og at alt sigevatn skal samlast opp og førast til reinseanlegg med utslepp i Lurefjorden. Det skal byggast nytt reinseanlegg eller eventuelt oppgradering av eksisterande anlegg som skal vere i drift innan 31. desember 2029.

Etter avslutning av deponiet er det planlagt etterdrift i minst 30 år.

Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Avfallsforskrifta

Avfallsforskrifta har reglar for å førebyggje og redusere miljøproblem frå fleire avfallstypar og avfallsanlegg som vi må ta omsyn til når vi gjev løyve. Mellom anna er deponering av avfall regulert i kapittel 9, og handtering av farleg avfall regulert i kapittel 11.

Forureiningsforskrifta kapittel 36

EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED) er teke inn i norsk rett i mellom anna forureiningsforskrifta kapittel 36 med vedlegg. Dette inneber at Statsforvaltaren skal sjå til at bedrifter med løyve til forureinande verksemd bruker det som vert rekna som beste tilgjengelege teknikkar (BAT) i den aktuelle bransjen og minst tilfredsstillar tilhøyrande utsleppsnivå (BAT-AEL).



Nasjonalt prioriterte stoff

Statsforvaltaren har eit mål om at utslepp av nasjonalt prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte slik at slike utslepp på sikt blir stansa.

Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

Grunngjeving for vedtaket

Statsforvaltaren har oppdatert løyve til deponiet på bakgrunn av søknad frå NGIR. I brev til NGIR 16. mai 2025 omtalte vi mellom anna følgjande om behov for oppdatering av løyve før deponering på nye område tek til, og gav rettleiing om innhald i oppdatert løyve.

«Gjeldande løyve vart revidert i 2009, i 2018 vart det gjort nokre mindre endringar. I rammer for løyvet står det at løyvet omfattar område avsett til deponi i reguleringsplanen. Det nye deponiområdet i sørvest er regulert til deponi, og området er såleis omfatta av gjeldande løyve. På møtet opplyste vi om at løyve til deponiet likevel må oppdaterast før deponering på nye område tek til. Unntaket for dobbel botntetting gjeld for det gamle deponiområdet, og det er nødvendig å sette krav til oppbygging av botn- og sidetetting på det nye området. Lurefjorden er ein innestengt fjord med svært dårleg utskifting av vatn, og er derfor særleg sårbar for forureining. I 2020 vart Lurefjorden marint verneområde, og det er strenge føringar i verneforskrifta. Utslepp frå deponiet må derfor reduserast mest mogleg, slik at verneverdiane ikkje vert redusert. Før deponering på nye område startar, kan de derfor vente at vi vil vurdere å sette strengare krav til utslepp til vatn for å sikre at tilførsel av forureining frå deponiet til Lurefjorden frå ny og gamal del av deponiet vert lågast mogleg.»

Planstatus

Avfallsanlegget ligg i eit område som er regulert til næringsbygningar og andre særskilt angitt bygningar og anlegg i reguleringsplanen «Kjevikdalen fyllplass, utviding», vedtatt av Alver kommune 04.07.2025.

Avfallspolitikk og forholdet til alminnelege samfunnsmessige omsyn

I juni 2017 kom Stortingsmelding nr. 45 (2016-2017); «Avfall som ressurs - avfallspolitikk og sirkulær økonomi». Norsk avfallspolitikk skal legge til rette for høg utnytting av ressursane i avfallet, og trygg handtering av farleg avfall. Ein føresetnad for gjennomføring av denne avfallspolitikken er at det finst anlegg som tilbyr ulike løysningar for mottak, sortering, gjenvinning, behandling og sluttbehandling av avfall. Deponering av avfall kan gi ulemper for nærområdet i form av trafikk, støy, lukt, støv og utslepp til vatn. På den andre sida er avfallsanlegg viktige bidragsytarar for å handtere avfall, og området er regulert til formålet.

For å sikre at deponiet blir drive i tråd med norsk avfallspolitikk, har vi sett krav til at løyvet ikkje omfattar deponering av avfall som lett kan gjenvinnast, jf. punkt 1.3 i løyvet. Det er vidare krav i avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II at moglegheit for gjenvinning av avfallet skal være vurdert som del av basiskarakteriseringa før avfall blir levert til deponiet. NGIR skal ha ein mottakskontroll for å avklare om basiskarakteriseringa er i tråd med avfallsforskrifta, inkludert om moglegheit for gjenvinning er vurdert.

Vurdering etter vassforskrifta

Reinsa sigevatn frå deponiet vert ført til Lurefjorden. Vassførekomst 0261040203-C Lurefjorden har dårleg kjemisk tilstand, og moderat økologisk tilstand. Det er behov for å redusere utslepp der dette



er mogleg og rimeleg for å nå miljømåla om god økologisk og kjemisk tilstand. Deponiet er ei av kjeldene til forureininga i fjorden i tillegg til avfallsanlegget.

Ifølge vassforskrifta § 4 skal tilstanden i overflatevatn «beskyttes mot forringelse, forbedres og gjenopprettes med sikte på at vannforekomstene skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand». I samsvar med vassforskrifta sine føringar kan vi ikkje tillate utslepp som vil medføre redusert miljøtilstand i ein resipient. Sentralt i Statsforvaltaren si vurdering av utsleppssøknader er difor at utsleppa ikkje skal medføre at tilstanden i resipientane blir redusert.

I det nye løyvet er det sett krav til hyppigare overvaking av utslepp til vatn frå deponiet, og lagt opp til at skal settast grenseverdier for utslepp på bakgrunn av utgreiinga. Dette vil føre til betre oversikt og redusert tilførsel av forureining til Lurefjorden frå anlegget. Ved at det vert tilført mindre vatn til reinseanlegget for deponiet, ligg det til rette for betre reinseeffekt og mindre utslepp også frå deponiet.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Lurefjorden er marint verneområde, sjå Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i Alver og Austrheim kommunar. Området er om lag 71 km² stort, og omfattar heile Lurefjorden og Lindåsosane i kommunane Alver og Austrheim. Føremålet med Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde er å ta vare på eit unikt fjord- og pollsystem med lågt oksygeninnhald, med mellom anna spesielle førekomstar av den djuptlevande kronemaneten *Periphylla periphylla* og ishavsåte *Calanus glacialis*, og ei eiga sildestamme. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking. Det er registeret gytefelt for torsk og rekefelt. Området er skilt frå kystvassmassane i fjordane utanfor ved fleire tronge terskelopningar med sterke tidevasstraumar. Lurefjorden og Lindåsosane er dårleg resipient, og sårbar for forureining. All vassutskifting skjer over fire svært grunne tersklar.

I verneområdet er det forbode med utslepp av kjølevatn frå land, avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av forureining, jf. § 3 i verneforskrifta. Forbodet hindrar ikkje utslepp frå eksisterande avløpsanlegg, jf. § 4j, som anlegg som var i drift før vernet var vedteke eller som har fått løyve frå forvaltningsstyresmakta.

Verneområdet, verneverdiane og verneforskrifta understrekar vurderingane etter vassforskrifta over og behovet for å redusere tilførsel av forureining frå deponiet for å ta vare på naturmangfaldet. Vi vurderer at utviding av deponiet ikkje vil føre til endra, men heller mogleg reduserte verknadar på naturmangfald, jf. naturmangfaldlova § 8.

Vår vurdering er gjort i samsvar med naturmangfaldlova § 49 om utanforliggende verksemd som kan føre til skade inn i eit verneområde. Her står det at dersom ei verksemd som treng løyve etter annan lov kan ha verknad på verneverdiane i eit verneområde, skal omsynet til desse verneverdiane leggst vekt på ved avgjerda av om løyve bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For anna verksemd gjeld aktsemdplikta etter § 6.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova er lagt til grunn for våre vurderingar over, og omsyna er ivaretatt i vilkåra.

Generelt om avfallsforskrifta

For å beskytte omgjevnadene mot forureining stiller avfallsforskrifta kapittel 9 krav om at deponi skal utformast slik at forureining blir redusert så langt som mogleg. Krav om dobbel botn- og



sidetetting skal gjere det mogleg å samle opp så godt som alt sigevatn slik at det, om nødvendig, kan reinsast. Botn- og sidetettinga skal også hindre at sigevatnet forureinar grunn, grunnvatn eller overflatevatn i heile deponiets drift- og etterdriftstid. Ein kunstig tetningsmembran skal tene som ei ekstra sikring i den tida der det er forventa at deponiet har dei største utsleppa, men denne vil ikkje holde evig. Når denne er øydelagt, skal den geologiske barrieren hindre lekkasje av sigevatn ut frå deponiet. Det er verksemdas plikt å utforme og drifte deponiet etter krava i avfallsforskrifta kapittel 9. Etter Statsforvaltarens vurdering har NGIR dokumentert at krava til etablering av ordinært deponi kan oppfyllest på ein slik måte at løyve kan gis. Samtidig har vi stilt krav om ytterlegere dokumentasjon frå NGIR (punkt 14.1 i løyvet) for å skaffe nødvendig dokumentasjon om deponiet og utsleppet.

Generelt om utslepp av nasjonalt prioriterte stoff

Miljødirektoratet har utarbeidd ei liste over prioriterte stoff eller stoffgrupper, og Noreg har eit nasjonalt mål om at bruk og utslepp av stoff på prioritetslista skal fasast ut. Det blir kontinuerleg vurdert om nye stoff skal inn på prioritetslista. Eit stoff eller ei stoffgruppe blir tatt inn på prioritetslista når dei fyller kriteria knytt til alvorlege eigenskapar. Dette gjeld stoff som er lite nedbrytbare, hopar seg opp i levende organismar og har alvorlege langtidsverknader for helse, eller er svært giftige for miljøet. Vi har stilt krav om at utslepp av sigevatn frå deponiet ikkje skal forringe vasskvaliteten i Lurefjorden. Vidare har vi stilt krav i punkt 14.1 om utarbeiding av forslag til konsentrasjonsgrenser for bl.a. relevante prioriterte stoff, og at verksemda skal søke om utsleppsgrenser for sigevatnet dersom verksemda vurderer at utsleppet av stoffet er av miljømessig betydning. Ei meir presis regulering av utslepp av sigevatn vil bli gjort med grunnlag i søknad om utsleppsgrenser. Vi påpeikar at det heile tida føreligg ei plikt til aktsemd og ei plikt til å halde utsleppet på lavast mogleg nivå.

Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at endringane i løyvet er akseptabel sett i lys av forureiningslova sine føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av forureiningsulempene ved verksemda samanstilte med fordelar og ulemper verksemda elles vil føre med seg, gjev vi løyve til verksemda på nærare fastsette vilkår.

Grunngeving for utvalde vilkår og krav

Nedanfor er det gitt forklaringar på vilkår og krav i løyvet som treng ei meir spesifikk grunngeving.

Der det er relevant har vi sett same vilkår som for avfallsanlegget som ligg i tilknytning til deponiet, til dømes for støy, lukt, risikovurderingar mv.

Rammer for løyvet (punkt 1 i løyvet)

Deponiet er plassert i kategori 2 – deponi for ordinært avfall. På deponi i denne kategorien kan ein også deponere inert avfall og stabilt ikkje-reaktivt farleg avfall.

NGIR har fått løyve til å deponere inntil 50 000 tonn avfall per år. Deponiet skal i hovudsak brukast til deponering av ordinært avfall. Det er gitt løyve til at inntil 5 prosent av avfallet kan vere farleg avfall med avfallsstoffnummer 7096, og skal reknast med midlingstid på 3 år.

Sjølv om det er ein føresetnad at det farlege avfallet er stabilt, ikkje-reaktivt farleg avfall med utlekkingssegenskapar tilsvarande ordinært avfall, vil innhaldet av farlege stoff i dette avfallet vere høgare enn i ordinært avfall. Potensialet for forureining på lang sikt kan difor vere større, sjølv om



det er føreset at forureininga er godt bunde. Det er difor ikkje ønskeleg at det farlege avfallet utgjer ein for stor del av avfallet som skal deponerast. Dette er særleg viktig på grunn av den dårlege resipienten og verneinteressene.

Deponiet kan også ta i mot farleg avfall med avfallsstoffnummer 7250 (asbesthaldig avfall), og for denne fraksjonen er det ikkje sett avgrensing i mengde innanfor totalmengda på 50 000 tonn.

Det er stilt vilkår om at det ikkje er tillate å deponere avfall som inneheld eller er forureina med per- og polyfluorerte alkylforbindingar (PFAS) med konsentrasjon over 20 µg/kg. Grenseverdien er sett på bakgrunn av føreslått endra normverdi for PFOS i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Normverdien for forureina grunn definerer når jord blir vurdert til å vere forureina og kan utgjere ein fare for helse og/eller miljø. Ny normverdi for PFOS er føreslått til 2 µg/kg TS og vi har sett grensa for innhald av PFAS i avfall som kan deponerast til ti gonger føreslått verdi. Tilsvarende grense er sett for fleire andre deponi for ordinært avfall.

Utslepp til vatn (punkt 3 og 14.1 i løyvet)

Ved utslepp til vatn skal vassforskriftas krav leggst til grunn. Dette inneberer at det ikkje kan gjevast løyve til utslepp som kan forringe tilstanden i vassførekomsten eller bidra til at god kjemisk og økologisk tilstand ikkje blir nådd.

Vi stiller vilkår om at NGIR skal samle opp og reinse sigevatn frå deponiet, jf. avfallsforskrifta kap. 9 vedlegg I punkt 2c og 2d. Reinsa sigevatn skal prøvetakast og analyserast kvar månad, jf. punkt 11.3.1 i løyvet. Statsforvaltaren meiner det er nødvendig med hyppigare målingar enn det som ligg til grunn i forslag til oppdatert overvåkingsprogram for Kjevikdalen avfallsdeponi. Vi vurderer at det er nødvendig med hyppig prøvetaking for å ha tilstrekkeleg grunnlag for planlegging og optimal drift av reinseanlegg. Dersom måleseriane på sikt viser lite variasjon, så kan NGIR søkje om endring av kor ofte ein må ta prøvar. Statsforvaltaren legg til grunn at utslepp av sigevatn blir reinsa så godt at det ikkje forringar vasskvaliteten i Lurefjorden.

Sigevasssprøven skal analyserast for prioriterte stoff som det er grunn til å tru at sigevatnet kan innehalde, og andre stoff som kan påverke vasskvaliteten i resipient.

Utsleppspunktet vil vere på 30 m djup i Lurefjorden. Det er stilt krav om utarbeiding av forslag til utsleppsgrenser til vatn, jf. punkt 14.1. Grenseverdiane skal sikre at utslepp av helse- og miljøskadelege stoff vert redusert mest mogleg og ikkje fører til at vasskvaliteten og verneverdiane i Lurefjorden vert forringa. Dette inneberer at det må byggast nytt reinseanlegg, eventuelt vesentleg oppgradering av eksisterande anlegg. Det må også gjerast tiltak for å redusere vassmengda som går gjennom deponiet. Det er sett frist til 1. juli 2028 for at NGIR skal søkje om grenser som er representative for utsleppet etter optimal reinsing. Vi reknar med at innan denne tid har NGIR fått tilstrekkeleg med måledata til å sende inn søknad om konsentrasjonsgrenser og årleg mengdegrense for utslepp til vatn. Grenseverdiane skal baserast på ei miljørisikovurdering av utsleppet. Søknaden må også innehalde ein stadspesifikk spreiingsberekning basert på reelle utsleppstal. NGIR sine utslepp skal vurderast mot dei totale utsleppa til fjorden (samla belastning) og ha spesielt fokus på utslepp av stoff som bidrar til at tilstanden er eller kan bli dårleg. Utsleppet skal vurderast opp mot miljømålet om god kjemisk og økologisk tilstand i Lurefjorden.

Når det føreligg opplysningar om innhaldet i reinsa sigevatn og spreiingsberekning for utsleppet, vil vi fastsette grenseverdier for utslepp til vatn. Fram til det er sett grenseverdier gjeld vilkåret om at alt sigevatn frå ny og gamal del av deponiet skal samlast opp og reinsast slik at utslepp av helse- og



miljøskadelege stoff vert redusert mest mogleg og ikkje fører til at vasskvaliteten og verneverdiane i Lurefjorden vert forringa.

Dersom overvakinga avdekkar at sigevatn passerer barrierane og kjem ut i det drenerande sjiktet, har vi i punkt 3.2 sett krav om at alt drenevatnet herifrå skal handterast som sigevatn og førast via reinseanlegg til utsleppsleidning for deponiet. Vi vil også vurdere endring av kva avfallstypar som kan deponerast og evt. andre endringar i løyvet dersom dette skjer, som til dømes å endre klassifiseringa av deponiet frå ordinært til inert deponi.

Det er satt krav i punkt 3.3 om at overflatevatn frå tilstøytande areal skal avskjerast og leiast utanom deponiområdet. Statsforvaltaren vurderer at det er viktig å redusere mengda vatn i det drenerande sjiktet mest mogleg, og har difor sett som krav at reint overflatevatn blir ført utanom deponiet og ikkje via drene-systemet under deponiet. Vi har difor sett krav til at dette vatnet skal avskjerast så raskt dette er mogleg, og at delområda A1, A2 og A3 skal avskjerast seinast innan 31. desember 2026.

Det er verksemdas plikt å sørge for at tiltak for beskyttelse av grunn og vatn tilfredsstillar krava i avfallsforskrifta kapittel 9, jf. punkt 3.4. Statsforvaltaren finn løysinga for oppbygging av barriere, drenering og oppsamling av sigevatn i innsendt dokumentasjon i søknaden for tilfredsstillande. Eventuelt val av andre løysingar må avklarast med Statsforvaltaren, og kan innebere at løyvet må endrast.

I sidetettinga er subbussen ein del av den konstruerte geologiske barrieren. Verksemda har opplyst at det ikkje er utsig av vatn frå fjellveggen. Dei vil også skjerme mot nedbør og innsig ovanfrå. Verksemda ønsker likevel å legge inn drene-rør i dette laget som ein ekstra sikring, men ventar ikkje at det kjem vatn i desse røyra. Vi aksepterer difor at det kan leggast slike rør i dette laget, sjølv om drene-rør er ei perforering av den konstruerte barrieren.

Basert på innsendt dokumentasjon har vi sett ein del krav som må oppfyllest ved planlagt løysing. Vi har blant anna sett krav om at det skal leggast inn marginar for å sikre at barrieren blir tilstrekkeleg robust, og at kravet til permeabilitet blir overhalde på kort og lang sikt. Krava er i tråd med føre-var prinsippet i forureiningslova.

For å sikre at sigevatn ikkje forureinar grunnvatnet eller blir ført med sprekkesystemet er det avgjerande at botn- og sidetettinga fungerer etter hensikta både på kort og lang sikt. Vi har lagt søknaden frå NGIR til grunn ved fastsetting av krav til oppbygging av botn- og sidetetting. NGIR må derfor sørge for at alle relevante forhold som kan påverke den geologiske barrieren og den kunstige tetningsmembranen blir vurdert og tatt omsyn til under prosjektering og gjennomføring.

Særskilte krav til deponering av visse avfallstyper (punkt 8.3 i løyvet)

Løyvet omfattar deponering av enkeltfraksjonar av stabilt ikkje-reaktivt farleg avfall som har eit utlekkingspotensial som ikkje vil bli forverra på lang sikt under normale deponiforhold.

Farleg avfall skal deponerast i eigne celler, og vil vere skilt frå ordinært avfall med internvegar slik at dette avfallet ikkje kjem i kontakt med ordinært avfall. Det er sett krav i løyvet til utforming av internvegar, sjå vedlegg 4 i løyvet. Sigevatn frå farleg avfallcella vil gå ned i dreneringslaget for sigevatn saman med sigevatn frå ordinært avfall, og vidare til reinseanlegget.

NGIR skal kontrollere at avfallet tilfredsstillar mottakskriteria før deponering. For ein del parameterar er det er gitt kriterium i avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II. For nokre avfallstypar må



det i tillegg vurderast eigenskapar der det ikkje er sett særskilte kriterium, som syrenøytraliseringskapasitet (ANC) og utlekking av organiske miljøgifter.

For å sikre at det ikkje blir deponert farleg avfall som lek organiske miljøgifter, er det sett krav om at dersom det er nødvendig for å fastslå om avfallet er stabilt, ikkje-reaktivt farleg avfall, skal innhald og fare for utlekking og spreining av organiske miljøgifter være dokumentert og vurdert før mottak. For forureina jord gjeld kravet også ordinært avfall. Aktuelle parameterar for testing og vurdering kan vere olje, PAH, PFAS og PCB-forbindingar.

Det er også sett krav om dokumentasjon og vurdering av syrenøytraliseringskapasitet (Acid Neutralization Capacity, ANC) før mottak for avfallstypar der dette er nødvendig for å fastslå om avfallet er stabilt, ikkje-reaktivt farleg avfall.

Vurdering av behov for slik dokumentasjon og val av parameterar skal baserast på ei risikovurdering. Krava er i tråd med anbefaling i rapport om stabilt ikkje-reaktivt farleg avfall frå Norges Geotekniske Institutt, datert 17.03.2020, dokumentnr. 20200068-01-R.

For forureina jord og muddermassar er det sett særskilte krav til dokumentasjon, og vurdering av risiko av spreingsfare for innhald av forureiningar. Verksemda må kunne sannsynleggjere at botntetting og sigevasshandtering er tilstrekkeleg til å handtere avrenning frå dei forureina gravemassane og at utsleppet ikkje får negativ effekt på resipienten på kort og lang sikt.

Desse vilkåra er sett for å ivareta resipienten. Lurefjorden er ein dårleg resipient og er marint verneområde. Krav er i tråd med føre-var-prinsippet i forureiningslova og vilkåra i verneforskrifta for marint vern.

Krav til avslutning (punkt 9.1 og 9.2 i løyvet)

For å hindre at svært store areal med avfall er eksponert for nedbør og avrenning i lang tid, skal NGIR dele inn arealet i delområde slik det går fram i søknaden. I overgangen mellom gammalt og nytt deponi vil oppfylling skje i ulike fasar. Dei ulike sonene skal avsluttast så snart som mogleg, og fram til endeleg avslutning skal områda dekkast til mellombels slik at vatn gjennom deponiet vert redusert.

Det er ikkje spesifikke krav til topptetting i avfallsforskrifta, anna enn at deponiet kan sikrast med ein kombinasjon av geologisk barriere og toppmembran i etterdriftsfasen, jf. avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg I, punkt 3.1. Det er i rettleiar til deponiforskrifta (TA-1951/2003) anbefalt eit impermeabelt minerallag, det vil sei eit lag som er ugjennomtrengelig for vatn. Det er i den foreløpige avslutnings- og etterdriftsplanen lagt inn eit mineralsk tettlag med permeabilitet på $2 \cdot 10^{-6}$ m/s. Dette meiner Statsforvaltaren er for høg permeabilitet som vil la vatn trenge ned i deponiet. Det er naturleg å ta utgangspunkt i kravet til botn- og sidetetting med eit krav om permeabilitet på $1 \cdot 10^{-9}$ m/s. Dette vil sørge for at nedbør blir leda vekk frå deponiet si overflate, slik at det ikkje blir danna sigevatn av nedbøren.

NGIR søker om å avslutte deponiet med ei overdekking på 70 cm over impermeabelt minerallag. For å hindre at det impermeable minerallagets tetteeigenskapar blir forringa på grunn av frost må overdekkingslaget vere så mektig at det impermeable minerallaget ligg frostfritt. Rettleiaren anbefalar eit dreneringslag på minst 50 cm, mens det i søknaden er foreslått 20 cm. Vi er einig med NGIR at kravet i rettleiaren til mektigheit på drencsikkert er høgare enn kva som erfaringsmessig trengs. Vi vurderer at drencsikkert minst må vere 20 cm, og godtar eit dreneringslag på minst 20 cm.



Dersom det over tid viser seg at denne tjukkgleiken ikkje er tilstrekkeleg må det gjerast tiltak. Ved overgangen mellom gamalt og nytt deponi skal drensaget uansett vere 50 cm.

For å sikre ei stabil overflate, skal sideskråningane på avslutta deponi ikkje vere brattare enn 1:3.

Krav til finansiell garanti (punkt 10 i løyvet)

Avfallsforskrifta § 9-10 stiller krav om at deponi skal ha ein tilfredsstillande finansiell garanti. Dette gjeld likevel ikkje kommunale deponi eller deponi eigd av eit interkommunalt selskap (IKS), der kommunane står som eigarar med uavgrensa ansvar for sin del.

Garantiordninga som gjeld i dag etter IKS-lova, med uavgrensa deltakaransvar og konkursforbod, har etter vår vurdering ein tilfredsstillande finansiell garanti for avslutning og etterdrift av deponi drive av eit interkommunalt selskap.

NGIR er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund. IKS-selskap kan ikkje gå konkurs, då eigarkommunane hefter for eventuell gjeld i selskapet. Det blir sett av midlar til finansiell garanti kvart år, og beløpet var i overkant av 37 millionar i 2024. NGIR må oppdatere utrekningane for finansiell garanti etter at løyve til utviding av deponiet er gitt.

Krav til utsleppskontroll og rapportering (punkt 11 i løyvet)

Det er sett krav til systematisk kartlegging av utslepp og krav til å lage et program for utsleppskontroll som omfattar overvaking av sigevatn. Det skal også lagast eit eige program for å overvake reinseprosessen. Kravet er sett med utgangspunkt i avfallsforskrifta og rettleiar for overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi. Krava er sett for å sikre tilstrekkeleg kunnskap om utsleppet og reinseprosessen. I punkt 11.4 er det sett krav til årleg samanstilling og fagleg vurdering av utsleppsmengder, overvakingsresultat og trendar, miljørisikovurdering av utsleppa og eventuelt behov for tiltak. Dette skal sikre at resultatane frå utsleppskontrollen og miljøovervakinga blir grundig vurdert og at det blir sett i verk tiltak raskt dersom det er nødvendig.

Krav til miljøovervaking (punkt 12 i løyvet)

Statsforvaltaren har stilt som vilkår at NGIR skal overvake og rapportere om korleis utsleppa påverkar tilstanden i vassførekomsten. Slike undersøkingar skal gjerast kvart 5. år. Det er påvist at deponiet har utslepp av PFAS, og dette stoffet er ikkje tatt med i tidlegare overvakingsprogram. Vi har lagt inn eit vilkår om at PFAS skal vere inkludert i neste runde med overvaking, fordi det er påvist høgt utslepp av PFAS sigevatnet dei siste åra. Det er ikkje undersøkt kva verknad dette utsleppet har hatt på resipienten. Oppdatert overvakingsprogram inkludert overvaking av PFAS og eventuelt andre parameterar skal sendast til Statsforvaltaren seinast 1. oktober året før undersøkingane skal gjennomførast.

Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 *Behandling av tillatelser etter forurensningsloven*.



Korrespondanse

Under er korrespondanse som er relevant for saka lista opp:

- 25. august 2022 – NGIR sendte oppdatert avslutningsplan for deponiet
- 24. oktober 2024 – NGIR sendte avslutningsplan for Kontainerplassen
- 16. mai 2025 – Satsforvaltaren sendte informasjon om oppdatering av deponiløyve
- 25. juni 2025 – NGIR sendte søknad om oppdatert løyve til deponiet
- 12. september 2025 – NGIR sendte oppdatert søknad
- 11. november 2025 – Statsforvaltaren bad om fleire opplysningar
- 1. desember 2025 - Oppdatert søknad
- 22. desember 2025 – Oppdatert søknad
- 19. februar 2026 – Prinsippkisser inndeling av celler for farleg avfall

Førehandsvarsel og uttaler

Vi har vurdert at vedtaket om å gje oppdatert løyve til deponiet vil vere av mindre miljømessig betydning. Det er derfor gjort unntak frå førehandsvarsling av vedtaket, jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd b.

Vi har vurdert at endringane er av mindre miljømessig betydning, då vedtaket er vurdert å vere ei innskjerping i reguleringa og bidreg til å redusere forureining frå verksemda. Utkastet til nye vilkår er derfor ikkje sendt på høyring utover at saka er førehandsvarsla ved oversending av utkast til løyve til NGIR og Alver kommune, jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd bokstav b).

Klagerett

NGIR og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG



Løyve etter forureiningslova til deponi i Kjevikdalen

Løyve er gitt i medhald av lov om vern mot forureining og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 jf. §§ 16 og 29. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad og under sakshandsaminga. Vilkårå går fram på side 5 til og med side 24. Dette løyvet er ajourført per 23.02.2026 og erstattar tidlegare løyve.

Dersom den driftsansvarlege¹ ønsker å gjere endringar i drifta som kan ha følgjer for forureininga frå verksemda, og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn da løyvet vart gitt eller sist endra, må den driftsansvarlege i god tid på førehand søke om endring av løyvet.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 4 år etter at løyvet er trådd i kraft, skal den driftsansvarlege sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at forureiningsstyresmakta kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Nøkkeldata

Driftsansvarleg	NORDHORDLAND OG GULEN IKS
Postadresse	Lindåsvegen 1260
Org. nummer	974702568, eigd av 856167402
Næringskode og bransje	38.110 - Innsamling av ikke-farlig avfall
Kategori for verksemda ² / Type verksemd	5.4 Deponi
Gateadresse	Lindåsvegen 1260
Kommune og fylke	Alver, Vestland
Lokalisering av verksemda	UTM sone 32, øst: 295291, nord: 6729989

Forureiningsstyresmakta sine referansar

Løyvesnummer: 2026.0128.T		Anleggsnummer: 4631.0039.03	
Løyve første gang gitt: 23.02.2026	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd: -	Løyve sist endra: -	
Lars Martin Færseth seksjonsleiar		Ingrid Torsnes senioringeniør	

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt og beskrivelse av endring
	-	-

¹ I dette dokumentet er meint:

verksemd: den forureinande aktiviteten på ein viss lokalitet

driftsansvarleg: den fysiske eller juridiske personen som driv eller kontrollerer drifta av verksemda

² Jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 om handsaming av løyve etter forureiningslova

Innholdsfortegnelse

1	Rammer for løyvet	5
1.1	Tillatne avfallstypar	5
1.2	Behandling av avfall før deponering	6
1.3	Avfall som ikkje kan deponerast	6
2	Generelle vilkår	6
2.1	Utsleppsavgrensingar	6
2.2	Plikt til å overhalde grenseverdier	6
2.3	Plikt til å redusere forureining	7
2.4	Utskifting av utstyr	7
2.5	Plikt til førebyggjande vedlikehald	7
2.6	Beste tilgjengelege teknikkar	7
2.7	Kompetanse	7
2.8	Nærmiljøtiltak	7
3	Utslepp til vatn	8
3.1	Utslepp frå punktkjelder	8
3.2	Diffuse utslepp	8
3.3	Tiltak for å redusere sigevassmengda	8
3.4	Tiltak mot utlekking av sigevatn	9
3.5	Utsleppspunkt for sigevatn	10
4	Utslepp til luft	10
4.1	Oppsamling av deponigass	10
4.2	Diffuse utslepp av deponigass	11
4.3	Luktavgrensing	11
4.4	Luktrisikovurdering	11
5	Støy	11
6	Kjemikal	12
7	Avfall	12
7.1	Registrering av avfall til deponi	12
7.2	Mottakskontroll	12
7.3	Testing av avfall	12
7.4	Avvising av avfall	13
7.5	Informasjon til kundar	13
7.6	Avfall som oppstår i drifta	13
8	Krav til deponiet	13

8.1	Krav til utforming av deponiet.....	13
8.2	Dokumentasjon på grunnforhold og oppbygging.....	13
8.3	Særskilte krav til deponering av visse avfallstyper.....	14
8.3.1	Farleg avfall	14
8.3.2	Forureina massar og muddermassar	14
8.4	Krav til drift av deponiet.....	15
9	Avslutning og etterdrift.....	15
9.1	Topptetting.....	15
9.2	Topptetting og botntetting på område mellom gamal og ny deponietappe	16
9.3	Etterdrift	18
9.4	Opphøyr av etterdriftsfasen	18
10	Finansiell garanti.....	18
11	Utsleppskontroll og rapportering til forureiningsstyresmakta	18
11.1	Utsleppskontroll.....	18
11.2	Kvalitetssikring av målingar for utsleppskontroll.....	19
11.3	Program for utsleppskontroll	19
11.3.1	Overvaking og kontroll i driftsfasen	19
11.3.2	Overvaking av deponigass.....	20
11.3.3	Overvaking og kontroll i etterdriftsfasen	21
11.4	Rapportering til forureiningsstyresmakta.....	21
12	Miljøovervaking	22
12.1	Overvaking etter vassforskrifta.....	22
13	Miljørisikoanalyse og beredskap mot akutt forureining	23
13.1	Miljørisikoanalyse	23
13.2	Risikoreduserande tiltak.....	23
13.3	Beredskap mot akutt forureining	23
13.3.1	Beredskapsanalyse	23
13.3.2	Beredskapsetablering	23
13.3.3	Beredskapsplan	23
13.3.4	Øving av beredskap	24
13.3.5	Varsling av akutt forureining	24
14	Undersøkingar og utgreiningar.....	24
14.1	Utarbeiding av forslag til utsleppsgrenser til vatn	24
15	Eigarskifte, omdanning mv.....	24
	Vedlegg 1 Oversikt over PFAS-forbindingar som inngår i Σ PFAS ₃₅	25

Vedlegg 2 Trinnvis avslutning av gammalt deponiområde.....	26
Vedlegg 3 Prinsippskisse botn- og sidetetting	27
Vedlegg 4 Prinsippskisse for skilje mellom farleg avfall ordinært avfall	28
Vedlegg 5 Oppbygging for avslutningslaga til det gamle deponiområdet	29
Vedlegg 6 Prinsippskisse trinnvis avslutting av gammalt deponi.....	30
Vedlegg 7 Overvakingspunkt for vatn	31

1 Rammer for løyvet

Løyvet gjeld deponi i Kjevikdalen.

Løyvet gjeld ei årleg mengd på 50 000 tonn deponert rekna som eit middel over 3 år, og ei samla mengd for den totale levetida til deponiet på

- om lag 930 000 m³ på ny del av deponiet
- om lag 100 000 m³ på gammalt deponi før avslutting

Løyvet gjeld inntil tilgjengeleg deponivolum er fylt opp. Tilgjengeleg deponivolum følger av avgrensingar fastsett i godkjent reguleringsplan for området etter endring 04.07.2025 med Nasjonal arealplanid 4631_1263-201306. Maksimal kotehøgde ved avslutta deponi skal vere 55 m.o.h.

Deponiet er klassifisert i kategori 2 deponi for ordinært avfall jf. avfallsforskrifta kap. 9.

Løyvet omfattar deponering av ordinært avfall, inert avfall og nokre fraksjonar av stabilt ikkje-reaktivt farleg avfall som har eit utlekkingspotensiale som ikkje vil forverrast på lang sikt under normale deponiforhold, jf. avfallsforskrifta kapittel 9. Farleg avfall med avfallsstoffnummer 7096 kan maksimalt utgjere 5 prosent av deponert mengd avfall, og skal reknast med midlingstid på 3 år. Tillatne avfallsfraksjonar og mengder går fram av tabell 1-1.

Deponiet skal drivast i samsvar med avfallsforskrifta kap. 9 og krava i dette løyvet.

1.1 Tillatne avfallstypar

Følgjande typar og mengder avfall er tillate å deponere:

Tabell 1-1 Typar og mengder avfall som er tillate å deponere

Avfallsstoffnummer	EAL-kode	Type avfall	Tonn/år
Ikkje regulert med avfallsstoffnummer	Ikkje regulert med EAL-kode	Ordinært avfall	50 000***
7096**	120116* 170503* 190111*	Avfall frå sandblåsing som inneheld farlege stoff Jord og stein som inneheld farlege stoff Botnoske og slagg som inneheld farlege stoff	
7250	170601* 170605*	Asbesthaldige isolasjonsmateriale Asbesthaldige byggematerial	

* Gjeld farleg avfall som tilfredsstillar kriteria for farleg avfall som kan deponerast på eit deponi for ordinært avfall, jf. avfallsforskrifta kap. 9 vedlegg II punkt 2.3 og punkt 8.3.1 i løyvet

** Avfall med avfallsstoffnummer 7096 kan maksimalt utgjere 5 prosent midla over 3 år

*** Årleg mengd gjeld som eit middel over 3 år

1.2 Behandling av avfall før deponering

Alt avfall skal vere behandla før deponering, jf. avfallsforskrifta § 9-6, med mindre det er omfatta av unntaka i forskrifta. Behandlinga skal mellom anna sikre at innhald av organisk materiale i avfallet ikkje overstig krav i forskrifta til maksimalt innhald og kriteria i vedlegg II.

Dersom nye framgangsmåtar, teknikkar ol. for avfallshandtering gjer at avfallstypar som er regulert i dette løyvet kan materialgjennvinnast, er det ikkje lenger tillate å deponere disse avfallstypane. Dette kan inkludere ei samla vurdering både av tekniske og økonomiske forhold, jf. §§ 9-3 bokstav i og 9-6 i avfallsforskrifta og § 2 i forureiningslova.

1.3 Avfall som ikkje kan deponerast

Avfallstypar som er omfatta av avfallsforskrifta § 9-4 forbod mot deponering av visse avfallstypar kan ikkje deponerast.

I tillegg er følgjande avfall ikkje omfatta av løyvet:

- avfall som inneheld eller er forureina med per- og polyfluorerte alkylforbindingar (PFAS)³ med konsentrasjon over 20 µg/kg
- avfall som er forureina med persistente organiske sambindingar med konsentrasjon over grenseverdiar gitt i POPs-forordninga Annex IV, jf. forordning (EU)2019/102110 artikkel 7 punkt 4⁴
- avfall som består av syredannande bergartar
- avfall som lett kan gjennvinnast
- avfall som kan føre til driftsproblem på deponiet, oppsamlingssystemet for sigevatn eller reinseanlegget
- farleg avfall som ikkje er stabilt, ikkje-reaktivt og med utlekkingssegenskapar tilsvarande dei ordinære avfallstypane, jf. avfallsforskrifta § 9-6

2 Generelle vilkår

Generelle vilkår til verksemda følgjer også av forureiningsforskrifta kapittel 36A.

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som blir rekna for å ha størst miljømessig betydning, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp er komne fram i samband med sakshandsaminga eller må sjåast på å ha vore kjende på anna måte då vedtaket vart gjort.

2.2 Plikt til å overhalde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor fastsette midlingstider. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for den aktuelle type verksemd i ein slik grad at det kan føre til økt skade eller ulempe for miljøet.

³ Jf. vedlegg 1

⁴ Forordning (EU) 2019/1021 om persistente organiske sambandr. Forordningen er tatt inn i norsk rett i produktforskriften § 4-1

2.3 Plikt til å redusere forureining

Den driftsansvarlege plikter å redusere utsleppa frå verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar òg utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er sett grenser for.

2.4 Utsifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr skal det nye utstyret vere i samsvar med beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining og anna negativ verknad på miljøet.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

Den driftsansvarlege skal syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. Den driftsansvarlege skal syte for system og rutinar for vedlikehald, og dette skal kunne dokumenterast.

2.6 Beste tilgjengelege teknikkar

Verksemda skal legge prinsippet om beste tilgjengelege teknikkar (BAT – Best Available Techniques) til grunn ved oppbygging og drift av deponiet, jf. forureiningslova § 2 punkt 3 og forureiningsforskrifta § 36 vedlegg II.

2.7 Kompetanse

Verksemda skal i den daglege drifta råde over dokumentert kompetanse på minimum bachelornivå med kjemi, biologi, fysikk eller andre relevante fagdisiplinar. Dokumentert realkompetanse kan i enkelte tilfelle, og etter ei konkret vurdering, kompensere for manglande formell kompetanse.

Verksemda må kunne dokumentere at personen/personane med kompetanse er til stades på anlegget ofte nok til å kunne avdekke og følge opp utfordringar som oppstår i den daglege drifta. Dette inneber mellom anna at han skal ha god oversikt over aktivitetane på anlegget for raskt å kunne ta tak i problem, og hindre at miljøfarlege situasjonar oppstår.

Alle som handterer farleg avfall i verksemda skal ha dokumentert opplæring i slik handtering.

Verksemda skal dagleg ha tilstrekkeleg kompetanse på anlegget til å kunne vurdere verksemda si miljørisiko og gjennomføre forbetringstiltak for å sikre at verksemda driv i tråd med løyvet og anna regelverk.

2.8 Nærmiljøtiltak

Verksemda skal ha driftsrutinar som sikrar at nærmiljølemper som følgje av deponiet vert redusert til eit minimum. Flygeavfall skal avgrensast mest mogleg. Verksemda må rydde opp avfall som endar opp utanfor anlegget.

Anlegget skal ha rutinar for å redusere problem med skadedyr. Uvedkomande skal hindrast tilkomst til deponiet.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utslepp frå punktkjelder

Alt sigevatn frå ny og gamal del av deponiet skal samlast opp og reinsast slik at utslepp av helse- og miljøskadelege stoff vert redusert mest mogleg og ikkje fører til at vasskvaliteten og verneverdiane i Lurefjorden vert forringa. Ei meir presis, og eventuelt også strengare, regulering vil bli gjort med grunnlag i utgreiinga som verksemda skal utføre jf. pkt. 14.1. Nye grenseverdiar vil gjelde frå 01.01.2030, og oppgradering eller nytt reinseanlegg må vere i drift før dette.

Tabell 3-1 Grenseverdiar for utslepp av komponentar med krav om målingar jf. punkt 11.

Komponent	Utsleppsgrenser		Gjeld frå
	Konsentrasjonsgrense (µg/l)	Mengdegrense (gram/år)	
Vert fastsett seinare på bakgrunn av utgreiing i punkt 14.1	Vert fastsett seinare på bakgrunn av utgreiing i punkt 14.1	Vert fastsett seinare på bakgrunn av utgreiing i punkt 14.1	01.01.2030

Utsleppsgrensene vil vere basert på at vassmengda ut frå reinseanlegget er redusert til eit minimum ved avskjerings- og tildekkingsiltak. Årlege mengder som er lagt til grunn vil spesifiserast seinare på bakgrunn av utgreiing i punkt 14.1.

Reinseanlegget skal vere utforma slik det toler endringar i klima, til dømes hyppigare og kraftigare nedbør.

3.2 Diffuse utslepp

Verksemda skal ikkje ha diffuse utslepp til vatn eller grunn. Eventuelle diffuse utslepp skal følgast opp som avvik.

Dersom overvakinga avdekkar diffuse utslepp av sigevatn i drenslag for vatn som er planlagt under kunstig geologisk barriere, skal Statsforvaltaren informerast. Meldinga skal omfatte ei vurdering av tiltak inkludert om det forureina drensvatnet må reinsast. Ved etableringa må det derfor leggast til rette for at det i framtida kan bli mogleg å reinse dette vatnet. Det må være nødvendig tilgang for drift og vedlikehald av eventuelle pumper.

Dersom det vert avdekka diffuse utslepp i drenslaget vil Statsforvaltaren vurdere endring av kva for avfallstypar som kan deponerast og ev. andre endringar i løyvet.

3.3 Tiltak for å redusere sigevassmengda

Det skal gjennomførast nødvendige tiltak for å redusere mengda sigevatn i deponiet til eit minimum. Overflatevatn frå tilstøytande areal skal avskjerast og leiast utanom deponiområdet.

Så rakst som mogleg og seinast 31.12.2026 skal vatn frå område A1, A2 og A3 førast utanom reinseanlegget, sjå vedlegg 2.

Verksemda skal lage årleg vassbalanserekneskap for deponiet. På bakgrunn av berekninga skal verksemda vurdere om alt sigevatn er samla opp, og om tiltak for å redusere sigevassmengda er tilstrekkelege.

3.4 Tiltak mot utlekking av sigevatn

Botn- og sidetetting skal oppfylle krava til permeabilitet og mektigheit i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg I. Oppbygging av botn og kile/overgang mot sidene skal vere i samsvar til tabell 3-2, oppbygging av sidetetting skal vere i samsvar med tabell 3.3, jf. figur i vedlegg 3. Kilen mellom botn- og sidetetting skal ha eit fall på maksimalt 1:3.

Tabell 3-2 Krav til tettlag i botn og kile/overgang mot sidetetting. Laget mot avfallet er øvst.

Funksjon	Materiale	Mektigheit/tettheit	Merknad
Dreneringslag	Grus, pukk eller andre massar som er dokumentert drenerande og eigna	Minst 0,5 meter	Med innlagde drenerør for oppsamling av sigevatn
Beskyttelseslag	Subbus 0-6 mm	Minst 10 cm	Skal beskytte den kunstige membranen
Kunstig membran	HDPE-membran	Minst 1,5 cm Permeabilitet minst $1,0 \times 10^{-13}$ m/s	Leggast med nok overlapp og sveisast og festast i samsvar med monteringskrav
Konstruert geologisk barriere	Bentonitt-membran	Minst 1 cm Permeabilitet minst $1,0 \times 10^{-11}$ m/s	Leggast ut med nok overlapp i samsvar med monteringskrav
	Subbus 0-6 mm	Minst 300 mm	
	Bentonitt-membran	Minst 1 cm Permeabilitet minst $1,0 \times 10^{-11}$ m/s	Leggast ut med nok overlapp i samsvar med monteringskrav
Dreneringslag mot fjell	Grus, pukk eller andre massar som er dokumentert drenerande og eigna	Minst 0,5 meter	Med innlagde drenerør for drenering av eventuelt reint grunnvatn

Tabell 3-3 Krav til tettlag i sidetetting. Laget mot avfallet er øvst.

Funksjon	Materiale	Mektigheit/tettheit	Merknad
Dreneringslag	Grus, pukk eller andre massar som er dokumentert drenerande og eigna	Minst 0,5 meter	
Beskyttelseslag	Betong-duk (Solid-Mat)	Minst 2 cm	Skal beskytte membranane
Kunstig membran	HDPE-membran	Minst 1,5 cm Permeabilitet minst $1,0 \times 10^{-13}$ m/s	Monterast nok overlapp og sveisast og festast i samsvar med monteringskrav
	Bentonitt-membran	Minst 1 cm Permeabilitet minst $1,0 \times 10^{-11}$ m/s	

Konstruert geologisk barriere	Bentonitt-membran	Minst 1 cm Permeabilitet minst $1,0 \times 10^{-11}$ m/s	Monterast med nok overlapp i samsvar med monteringskrav
	Støypet betong NS-EN-1990	Minst 30 cm Permeabilitet minst $1,0 \times 10^{-7}$ m/s	Forsterkast ved behov med fjellboltar inn mot fjellvegg
	Komprimert subbus 0-32 mm	Minst 180 mm Permeabilitet minst $1,0 \times 10^{-5}$ m/s	Skal bidra til tettheit og lage motvekt for betongvegg

Botntettinga skal konstruerast slik at deponerte masser ikkje vert blanda med underliggende massar. Det skal leggest geomembran, filterduk eller tilsvarande mellom laga der det er naudsynt for å hindre samanblanding mellom laga og sikre at lagstrukturen held seg over tid.

Materiala som skal nyttast i botntettinga skal være reine masser dvs. ikkje overstige normverdi i forureiningsforskrifta kapittel 2, vedlegg 1.

Det skal takast særlege omsyn ved utlegging og forankring av bentonittmembranane slik at membranen ikkje blir utsett for forhold som reduserer kvaliteten og funksjonen til bentonitten (vatn, UV-stråling, uttørking, mekanisk påkjenning mv). Utlegginga må gjerast på ein slik måte at det er marginar som sikrar at barrieren blir tilstrekkeleg robust, og at kravet til permeabilitet blir overhalde på kort og lang sikt.

For den gamle delen av deponiet gjeld følgjande krav til botntetting i som vart gitt i løyve 2009.0127.T, sist endre 23.11.2018:

- Deponiet skal oppfylle krava til botntetting i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg I, punkt 3.
- Statsforvaltaren har i brev dagsett 21.02.2005 gitt dispensasjon frå kravet til dobbel botn- og sidetetting i avfallsforskriftas kapittel 9 etter ei miljørisikovurdering.

Krav til tettlag mellom gammalt og nytt deponi går fram i punkt 9.2

3.5 Utsleppspunkt for sigevatn

Sigevatnet skal etter reinsing førast ut i Lurefjorden på minst 30 meters djup på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg.

Dersom utsleppspunktet skal endrast, må de søke om løyve til dette. Det må avklarast om endringa krev løyve og eventuelt også spreingsvurderingar.

4 Utslepp til luft

4.1 Oppsamling av deponigass

Deponigass skal samlast opp for energjutnytting, alternativt fakling, frå alle deponiceller med signifikant gassproduksjon, både i drifts- og etterdriftsperioden. Oppsamlingsanlegget skal dimensjonerast, byggjast og drivast for eit miljømessig optimalt gassuttak, tilpassa deponiets storleik og venta/utrekna gasspotensial.

Det skal setjast i verk avbøtande tiltak for å sikre lågast mogleg utslepp til luft.

Verksemda skal regelmessig evaluere effektiviteten til gassuttaket frå deponiet og vurdere behov for oppgraderingstiltak. Vurderinga skal også omfatte potensialet for nye energiføremål eller energiutnytting av deponigassen.

Eventuelt varig og permanent opphøyr av oppsamling av deponigassen skal avklarast med Statsforvaltaren i forkant. Dette omfattar ikkje mellombels stans på grunn av driftsproblem, vedlikehald eller liknande.

4.2 Diffuse utslepp av deponigass

Ved funn av lekkasjar eller diffuse utslepp, jf. punkt 11.3.2 skal avbøtande tiltak gjennomførast.

4.3 Luktavgrensing

Verksemda skal drivast slik at luktulemper i omgivingane blir avgrensa mest mogleg. Frekvensen av gjenkjennt plagsam lukt ved omkringliggende bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad.

4.4 Luktrisikovurdering

Det skal gjennomførast ei luktrisikovurdering i tråd med anbefalingane i vedlegg 3 i Miljødirektoratet si rettleiing TA 3019/2013 «Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven». Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

5 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggende bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller rekna ut som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19) LpAekv12h	Kveld (kl. 19-23) LpAekv4h	Laurdag (kl. 07-23) LpAekv16h	Sun- /heilagdag (kl. 07-23) LpAekv16h	Natt (kl. 23-07) LpAekv8h	Natt (kl. 23-07) LAFmax
55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

LpAeqT er A-vega gjennomsnittsnivå (dBA) midla over driftstid der T angir midlingstida i tal på timar. LAFmax, som er gjennomsnittleg A-vega maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnd ovanfor type som er etablert etter at støygrensene tredde i kraft.

Alle støygrenser skal haldast innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda, inkludert intern transport på verksemda sitt område samt lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå persontransport av tilsette til og frå verksemda sitt område er likevel ikkje omfatta av grensene.

6 Kjemikal

Den driftsansvarlege plikter å etablere et dokumentert system for substitusjon av kjemikal som vert brukt i verksemda.

7 Avfall

7.1 Registrering av avfall til deponi

Alt avfall som skal deponerast skal registrerast, loggførast og vegast før deponering, jf. avfallsforskrifta § 9-12. Farleg avfall skal registrerast med nøyaktig plass for deponering. Registreringa skal tilpassast styresmaktas krav til rapportering.

Den driftsansvarlege skal sikre at farleg avfall er deklarerert i www.avfallsdeklarering.no i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall før mottak.

7.2 Mottakskontroll

Avfall som blir mottatt for deponering, skal vere vurdert av den driftsansvarlege med tanke på miljøkonsekvensane ved å deponere avfallet, på kort og lang sikt. Det skal vurderast om avfallet kan deponerast innanfor rammene av løyvet.

Mottakskontrollen skal minimum følgje krava fastsett i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II, jf. § 9-11, eller eventuelt strengare krav sett i dette løyvet. Det skal kontrollerast at avfallet ikkje er omfatta av forbod mot deponering i avfallsforskrifta § 9-4.

Alt avfall skal kontrollerast før deponering. Kontrollen skal som et minimum avklare

- om avfallets samansetning, utlekkingspotensial, miljøverknader, og andre eigenskapar som har betydning for deponiet på kort og lang sikt er godt nok dokumentert
- om avfall som blir produsert jamleg i like prosessar er dokumentert, og kva parameterar som skal verifiserast
- om farleg avfall er deklarerert
- om det er samsvar mellom dokumentasjon og avfallet som er mottatt
- om avfallsforskriftas bestemming om behandling av avfallet er oppfylt
- om det må takast særlege omsyn ved deponeringa

7.3 Testing av avfall

Det skal takast stikkprøvekontroll, jf. avfallsforskriftas kapittel 9, vedlegg II, punkt 1.4. med prøvetaking og analyse av avfallets samansetning, med mindre det kan dokumenterast unntak frå dette kravet, jf. avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II, punkt 1.2. Verksemda pliktar i tillegg å ta stikkprøver utover dette dersom det er mistanke om at avfallet ikkje kan deponerast på anlegget. Metode for prøvetaking og testing skal tilfredsstillе krav i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II, punkt 3.

Ordinært avfall er unntatt frå krav om testing, jf. avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II, punkt 1.2 d. Unntaket gjeld ikkje når ordinært avfall blir deponert saman med farleg avfall, eller dersom det er mistanke om at avfallet kan innehalde farleg avfall. Avfallet skal uansett testast for å dokumentere at det ikkje er omfatta av forbodet i avfallsforskrifta § 9-4 første ledd bokstav a. Ved

mottak av forureina masse skal deponiansvarleg kontrollere at massane ikkje ligg over utrekna akseptkonsentrasjonar i samsvar med gjennomført risikoanalyse.

7.4 Avvising av avfall

Dersom det blir oppdaga avfall som det ikkje er tillate å deponere, dokumentasjonen frå avfallsprodusent ikkje er tilstrekkeleg til å vurdere dokumentasjonen opp mot mottakskriteria eller dokumentasjon manglar, skal avfallet avisast for deponering. All avvising av avfall skal loggførast.

7.5 Informasjon til kundar

Den driftsansvarlege skal gi kundane nødvendig informasjon om kva slags avfall det er tillate å deponere ved anlegget. Den driftsansvarlege skal opplyse kundane om at vedlegg II til avfallsforskrifta kapittel 9 også gjeld avfallsprodusent, og at avfallsprodusenten skal dokumentere at avfallet oppfyller krava i vedlegg II.

7.6 Avfall som oppstår i drifta

For avfall som oppstår i drifta av deponiet gjeld vilkåra i Løyve etter forureiningslova til avfallsanlegg i Kjevikdalen gitt 19.03.2025 med løyvenummer 2025.0242.T.

Slam frå reinseanlegget må basiskarakteriserast og leverast til lovleg anlegg. Det kan berre deponerast dersom det oppfyller kriteria for mottak i dette løyvet.

8 Krav til deponiet

8.1 Krav til utforming av deponiet

Deponiet skal utformast i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg I og slik at det gir minst mogleg forureining av jord, overflatevatn og grunnvatn og slik at ein førebyggjer setningar.

I god tid før deponering skal starte opp, skal den driftsansvarlege kontakte forureiningsstyresmakta slik at det kan vurderast om det skal gjennomførast ein inspeksjon før deponering kan starte.

8.2 Dokumentasjon på grunnforhold og oppbygging

Før oppstart skal den driftsansvarlege dokumentere i internkontrollsystemet at deponiet er plassert og utforma i samsvar med gjeldande krav. Som minimum skal det dokumenterast:

- dimensjonering, oppbygging, eigenskapar og utføring av botntetting, drencslag og sigevassanlegg
- at det er tilstrekkeleg avstand mellom grunnvatn og deponibotn
- tettleiken til materialane i den konstruerte geologiske barrieren skal dokumenterast ved permeabilitetstestar av aktuelle materialar lagt ut på den aktuelle måten eller ved måling av vassgjennomstrøyming i felt
- at bentonittmembranane ikkje er skada ved utlegging, ved utilsikta svelling før tildekking eller andre skader
- kva sikkerheitsmarginar som er lagt inn for å sikre at barrieren blir tilstrekkeleg robust og kravet til permeabilitet blir overheldt på kort og lang sikt

- tiltak for avskjering av overvatn
- vurdering av om valte teknikkar er å betrakte som best tilgjengelege teknikk (BAT)

8.3 Særskilte krav til deponering av visse avfallstyper

Når ordinært avfall og stabilt farleg avfall vert deponert saman er maksimalt innhald av totalt organisk karbon (TOC) 5 %, jf. avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II punkt 2.3.2 a).

8.3.1 Farleg avfall

All handtering av farleg avfall skal vere basert på ei risikovurdering.

Farleg avfall skal deponerast i eigne celler som er sett av til føremålet. Cellene skal vere målt opp og avmerkt på kart, sjå prinsippkisse i vedlegg 4. Farleg avfall skal ikkje deponerast saman med biologisk nedbrytbart avfall. Krava i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II, punkt 2.3.1-2.3.3 skal overhaldast.

Mottatt farleg avfall skal umiddelbart etter kontroll deponerast og raskast mogleg dekkast til med eigna materiale. Minst mogleg nedbør og overvatn skal tilførast deponicella.

Dersom det er nødvendig for å avgjere om avfallet er stabilt, ikkje-reaktivt farleg avfall, skal følgjande eigenskapar vere dokumentert og vurdert før mottak.

- Syrenøytraliseringskapasitet (Acid Neutralization Capacity, ANC) og vurdering av om avfallet er motstandsdyktig mot reduksjon i pH og mobilisering og utlekking av metall i eit langtidsperspektiv
- Innhald og fare for utlekking og spreining av organiske miljøgifter. Val av parameterar for testing skal baserast på ei risikovurdering, og ta utgangspunkt i relevante parameterar i liste over prioriterte miljøgifter og grenseverdier for klassifisering av vatn, sediment og biota.

Vurdering av behov for slik dokumentasjon skal baserast på ei risikovurdering.

8.3.2 Forureina massar og muddermassar

Forureina gravemassar og muddermassar skal tilfredsstillast krav i avfallsforskriftas kapittel 9, vedlegg II punkt 2.2 for ordinært avfall og punkt 2.3 for farleg avfall. Massar som er farleg avfall skal deponerast i eigen celle og dekkast til umiddelbart, jf. punkt 8.3.1.

Behov for dokumentasjon og vurdering av syrenøytraliseringskapasitet (ANC) og innhald og fare for utlekking og spreining av organiske miljøgifter som omtalt i punkt 8.3.1, skal vurderast før mottak.

Før mottak av forureina jord og forureina muddermasse skal avfallets eigenskapar som har følgjer for deponiet på kort og lang sikt, vere kjent i størst mogleg grad, jf. avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II. På bakgrunn av denne informasjonen og tilhøve på deponiet skal det gjerast ei risikovurdering. Risikovurderinga må innehalde ei vurdering av spreingsfaren for innhaldet av forureiningar. Mobiliteten av stoffa må sjåast i samanheng med den aktuelle mengda. Vidare må det vurderast om mottak av massar kan påverke utsleppet frå deponiet, reinseanlegget eller føre til lukt. Om naudsynt må det verksemda gjere risikoreduserande tiltak.

8.4 Krav til drift av deponiet

Det skal vere prosedyrar og rutinar for avfallsmottak, drift, vedlikehald, kontroll og overvaking av deponiet i driftsfasen i samsvar med krava i avfallsforskrifta kap. 9.

Deponiområdet skal delast inn i soner. Når ein sone er fylt opp, skal den dekkast til for å redusere avrenning av sigevatn. Oppfylling skal gjerast i tråd med oppfyllingsplan.

Deponert avfall skal komprimerast slik at blant anna inntrenging av nedbør vert hindra i størst mogleg grad. Vassgjennomstrøyming skal avgrensast.

9 Avslutning og etterdrift

Avslutning og etterdrift av deponiet skal følgje foreløpig avslutnings- og etterdriftsplan av 16.08.2022 og avslutningsplan for område konteinarplassen, mottatt 24.10.2024. Deponiet skal avsluttast etappevis i samsvar med angitt tidsplan. Endeleg avslutnings- og etterdriftsplan skal sendes til forureiningsstyresmakta for behandling i god tid før deponiet skal avsluttast.

Oppbygging av toppdekke på deponiet skal gjerast slik at stabiliteten i avfallsmassen og toppdekket vert sikra, særleg for å førebyggje utglidingar.

Helling på sideskråningar ved avslutta deponi skal ikkje vere brattare enn 1:3.

9.1 Topptetting

Tildekkinga skal skje utan nemneverdig opphald etter at deponering er avslutta.

Fristar for avslutning av delområde:

- A4, A5, A6, A8, A9 og A10 skal avsluttast så snart det er mogleg i samband med oppfylling av nytt deponi, sjå vedlegg 2. Fram til endeleg avslutning skal områda dekkast til mellombels slik at vatn til deponiet vert redusert. Oppdatert framdriftsplan og status for mellombels avslutning skal sendast kvart år i samband med årsrapport. Statsforvaltaren vil på bakgrunn av dette vurdere å sette fristar for avslutning og meir detaljerte krav for den mellombelse avslutninga
- Område A7 skal avsluttast så snart som mogleg og seinast 31.12.2029
- Konteinarplassen vart avslutta i 2025 i tråd med innsendt avslutningsplan av 16.08.2022 og avslutningsplan for konteinarplassen mottatt 24. oktober 2024.

Det er brukt 1055 tonn kompostmasse til oksidasjonsfelt ved avslutning av konteinarplassen. Det er framleis lagra 2945 tonn kompost som kan nyttast til etablering av oksidasjonsfelt som del av toppdekket seinare.

Krav til materiala og laga som skal inngå i topptetting ved avslutning skal vere i samsvar med tabell 9-1.

Tabell 9-1 (Frå toppen og ned)

Funksjon	Materiale	Tjukkeleik/tettheit	Merknad
Toppdekke	Alternativ 1: vekstjord/ Alternativ 2: mineralsk jord og asfalt/betong	Minst 0,5 m Permeable lausmassar	Vekstjord og mineralsk jord skal vere steinfrie, med innhald under normverdien i forureiningsforskrifta kap. 2.
Dreneringslag for vatn	Grus, pukk eller andre massar som er dokumentert drenerande og eigna	Minst 0,2 m meter	Må ha tilstrekkeleg tjukkeleik og kapasitet til å drenere vatn som oppstår på området oppå deponiet.
Kunstig membran/mineralsk tettlag	Bentonitt/HDPE eller anna materiale	Minst 0,2 m Permeabilitet på $1 \cdot 10^{-9}$ m/s	Innhald under normverdien i forureiningsforskrifta kap. 2.
Gassdreneringslag*	Drenerande massar 16-32 eller tilsvarande	Minst 0,2 m	Leie gassen til oppsamlingssystem eller oksidasjonsfelt
Avrettingslag		0-0,3 m	Skal tilfredsstillere mottakskriteria for lettare forureina massar på deponi for inert avfall, jf. avfallsforskrifta kap. 9, vedlegg II, pkt. 2.1.

*Dersom det ikkje blir påvist lekkasje av gass frå nytt deponiområde kan gassdreneringslaget gå ut

9.2 Topptetting og botntetting på område mellom gamal og ny deponietappe

Avslutning mot gamalt deponi vil skje trinnvis. Lagoppsett og prinsippsskisse for dette er vist i vedlegg 5 og 6.

Krav til materiala og laga som skal inngå i areal med avslutning av gamal del og botntetting mot ny deponietappe skal vere i samsvar med tabell 9-2.

Tabell 9-2 (Frå toppen og ned)

Funksjon	Materiale	Tjukkeleik/tettheit	Merknad
Dreneringslag	Grus, pukk eller andre massar som er dokumentert drenerande og eigna	Minst 0,5 meter	Med innlagde drenerør for oppsamling av sigevatn
Beskyttelseslag	Subbus 0-6 mm	Minst 10 cm	Skal beskytte den kunstige membranen
Kunstig membran	HDPE-membran	Minst 1,5 cm Permeabilitet minst $1,0 \times 10^{-13}$ m/s	Leggast med nok overlapp og sveisast og festast i samsvar med monteringskrav
Konstruert geologisk barriere	Bentonitt-membran	Minst 1 cm Permeabilitet minst $1,0 \times 10^{-11}$ m/s	Leggast ut med nok overlapp i samsvar med monteringskrav
	Subbus 0-6 mm Bentonitt-membran	Minst 0,3 m Minst 1 cm Permeabilitet minst $1,0 \times 10^{-11}$ m/s	Leggast ut med nok overlapp i samsvar med monteringskrav
	Subbus 0-6 mm	Minst 0,2 m	
Dreneringslag for vatn	Grus, pukk eller andre massar som er dokumentert drenerande og eigna	Minst 0,5 m meter	Drenere eventuelt vatn frå overflata av gamal deponietappe
Beskyttelseslag	Subbus 0-6 mm	Minst 10 cm	Skal beskytte HDPE-membranen
Kunstig membran	HDPE-membran	Minst 1,5 cm Permeabilitet minst $1,0 \times 10^{-13}$ m/s	Leggast med nok overlapp og sveisast og festast i samsvar med monteringskrav
Mineralsk tettlag	Steinfri morene eller andre massar	Minst 0,2 m Permeabilitet på 2×10^{-6} m/s	Innhald under normverdien i forureiningsforskrifta kap. 2.
Gassdreneringslag	Drenerande massar 16-32 eller tilsvarende	Minst 0,2 m	Leie gassen til oppsamlingssystem eller bidra til fordeling av gassen under oksidasjonslag
Avrettingslag		0-0,3 m	Skal tilfredsstillere mottakskriteria for lettare forureina massar på deponi for inert avfall, jf. avfallsforskrifta kap. 9, vedlegg II, pkt. 2.1.

Tjukkleiken på drenslag, beskyttelseslag og vegetasjonslag skal samla vere så stor at frostinntrenging ikkje skjer i impermeable lag.

Topptettinga skal konstruerast slik at deponerte masser ikkje vert blanda med overliggande massar. Ved behov, skal det nyttast geomembran, filterduk eller tilsvarande for å hindre samanblanding mellom laga og sikre at lagstrukturen held seg over tid.

Materiala som vert nytta i topptettinga over det impermeable tettesjiktet skal vere reine masser dvs. ikkje overstige normverdi i forureiningsforskrifta kapittel 2, vedlegg 1 eller bakgrunnsnivå.

Tilsåing/tilplanting skal skje umiddelbart etter at området er endeleg avslutta. Røter frå vegetasjon på deponiområdet må ikkje føre til brot i topptettinga på deponiet. Tilveksten må vurderast, og det må tilførast jord eller anna materiale ved behov.

Deponiet eller ein del av det kan berre reknast som avslutta dersom forureiningsstyresmakta har gjennomført sluttinspeksjon på staden, og har funnet at vilkåra for avslutning er oppfylt. Forureiningsstyresmakta skal varslast i god tid før deponiet skal avsluttast.

9.3 Etterdrift

Etterdrift av det gamle deponiet skal inntil det er vurdert og fastsett i særskilte vilkår for etterdrift, skje i tråd med avfallsforskrifta kapittel 9, og vilkåra i dette løyvet. På bakgrunn av sluttinspeksjonen i samsvar med avfallsforskriftas § 9-15, og på bakgrunn av framlagt avslutningsplan, kan Statsforvaltaren fastsette ytterlegare vilkår for avslutning og etterdrift.

9.4 Opphøyr av etterdriftsfasen

Når utsleppa er låge og stabile kan den driftsansvarlege sende inn søknad om opphøyr av etterdriftsfasen.

Etterdriftsfasen varer så lenge forureiningsstyresmakta bestemmer.

10 Finansiell garanti

Verksemda skal ha etablert ein tilfredsstillande finansiell garanti eller annan tilsvarande garanti for deponiet for å sikre at pliktane som følgjer av dette løyvet, inkludert krava til nødvendige tiltak i avslutnings- og etterdriftsfasen, kan oppfyllest jf. avfallsforskrifta § 9-10. Verksemda skal avklare oppdateringsbehov og revidere utrekningane etter at dette løyvet er gitt.

11 Utsleppskontroll og rapportering til forureiningsstyresmakta

11.1 Utsleppskontroll

Den driftsansvarlege skal kontrollere og dokumentere utsleppa til luft og vatn. Dette gjeld utslepp av:

- a) komponentar som er regulert gjennom grenseverdier fastsett i tabell 3.1 under punkt 3.1 i løyvet
- b) komponentar som er regulerte gjennom grenseverdier fastsett i forskrift
- c) andre komponentar som kan ha miljømessig betydning
- d) vassbalanse

For utslepp av komponentar som er ikkje regulert med grenseverdier skal den driftsansvarlege årleg gjere ei vurdering av utsleppsmengd og rapportere dette jf. punkt 11.4.

Det skal etablerast separate prøvetakingspunkt for kvar celle.

11.2 Kvalitetssikring av målingar for utsleppskontroll

Den driftsansvarlege skal kvalitetssikre målingar, måleutstyr og metodar slik at dei gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp. Målingar omfattar volumstrømmåling, prøvetaking, analyse og utrekning.

Følgjande punkt skal oppfyllest for å sikre forsvarleg kvalitetssikring av målingar for utsleppskontroll:

- a) Målingane skal utførast etter Norsk standard. Dersom norsk standard ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Den driftsansvarlege kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Den driftsansvarlege må i slike tilfelle dokumentere at særlege omsyn ligg føre, og at den valte metoden gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp.
- b) Dersom volumstrømmåling, prøvetaking og analyse vert utført av eksterne, skal det brukast akkrediterte laboratorium og tenester så sant slike akkrediterte tenester finst.
- c) Dersom den driftsansvarlege sjølv analyserer parametrar som er regulerte med grenseverdier, skal han delta i samanliknande laboratorieprøving og/eller jamleg verifisere analysar med eit eksternt, akkreditert laboratorium. Frekvensen skal grunnjevast.
- d) Den driftsansvarlege skal jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gir representative prøvar.
- e) Måleutstyret skal jamleg kontrollerast og kalibrerast.
- f) Den driftsansvarlege skal vurdere usikkerheita ved alle trinna i målingane og velgje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til et akseptabelt nivå.

11.3 Program for utsleppskontroll

Den driftsansvarlege skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i den dokumenterte internkontrollen⁵.

Programmet skal gjere greie for utsleppskontrollen og kvalitetssikringa, jf. punkt 11.1 og 11.2. Programmet skal haldast oppdatert.

11.3.1 Overvaking og kontroll i driftsfasen

Den driftsansvarlege skal sørge for overvaking av moglege miljøeffektar av verksemda i samsvar med eit overvakingssystem. Overvakingssystemet skal sendast inn til Statsforvaltaren ved oppdatering. Overvakingssystemet skal dokumentere effekten av sigevassystemet og eventuell påverknad på resipientar.

Overvakingssystemet skal omfatte grunnvatn, sigevatn, setningar og ev. deponigass i deponiet, og prøvetakings- og analysefrekvens. Overvaking av overflatevatn skal utførast i samsvar med punkt 12.1 i løyvet.

⁵ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (internkontrollforskrifta)

Tabell 11-1 Overvakinga skal som eit minimum gjennomførast i følgjande punkt, sjå kart i vedlegg 7

Namn på overvakingspunkt	Kva
Brønn 2 og 7	Grunnvatn, oppstrøms
Brønn 4, 5 og 6	Grunnvatn nedstrøms
Overvatn oppstrøms	Overflatevatn, oppstrøms
Overvatn nedstrøms Manifold (overflatevatn frå sida og under deponiet)	Anna overflatevatn (t.d. bekk, oppsamla vatn frå deponioverflate)
Ureinsa sigevatn	Sigevatn, før reinsing
Reinsa sigevatn	Sigevatn, etter reinsing
Sigevassediment frå sedimenteringsbasseng	Sigevassediment
Ved gassfakkell, oksidasjonsfelt og diffuse lekkasjar	Deponigass, sjå punkt 11.3.2

NGIR må vurdere om det er nødvendig å ta separate prøver av sigevatn frå ny og gamal del av deponiet. Vurderinga skal inngå i oppdatert overvakingsprogram.

Tabell 11-2 Miniumskrav til overvakingshyppigheit.

Kva	Driftsfasen
Sigevassmengd	Kontinuerleg
Sigevassediment	Kvar tolvte månad
Sigevatnets samansetjing	Kvar månad*
Overflatevatnets samansetjing	Kvartalsvis
Grunnvassnivå	Kvar sjette månad
Grunnvatnets samansetjing	Kvartalsvis
Deponigass	Kvar månad

*Driftsansvarleg kan søke om endring i hyppigheit etter at nytt reinseanlegg er etablert og ein har tilstrekkeleg erfaringstal.

Overvakinga skal leggst opp slik at eventuelle endringar i utsleppsforholda frå deponiet vert fanga opp. Dette må vurderast fortløpande.

Det skal minimum overvakast på stoff som er inngår i Appendiks A Analyseprogram i rapporten Sårbarhetsvurdering av resipient og forslag til oppdatert overvåkingsprogram for Kjevikdalen avfallsdeponi (Oppdragsnr.: 52500393 Dokumentnr.: RIM-001 Revisjon: J02 Dato: 2025-12-19).

11.3.2 Overvaking av deponigass

Det skal gjennomførast regelmessig kontroll og overvaking av gassproduksjon frå gassoppsamlingsystemet og av moglege gasslekkasjar frå overflata på deponiet eller frå andre aktuelle lekkasjepunkt. Overvakinga skal vere tilpassa innhald av biologisk nedbrytbart avfall i

deponiet. Overvakinga skal vere representativ for kvar seksjon av deponiet og vere eit mål på om nedbrytingsprosessane i deponiet fungerer som ønska. Val av kor ofte og kva metodikk som vert brukt skal omtalast i eit overvakingsprogram og minimum tilfredsstillende krava i vedlegg III i avfallsforskrifta kapittel 9 og vilkår gitt i dette løyvet.

Total gassmengd og innhald av metan skal målast kontinuerleg. Eventuell måling av andre gassar enn metan skal vurderast basert på risikovurderingar av helse, miljø og tryggleik. Overvakinga av deponigassuttaket skal tilpassast krava til rapportering, jf. vilkår i punkt 11.4.

11.3.3 Overvaking og kontroll i etterdriftsfasen

Overvakingsprogram for etterdriftsfasen når heile deponiet er nedlagt skal sendast inn til forureiningsstyresmakta i god tid før avslutning av deponiet. Overvakingsprogrammet skal dokumentere effekten av tildekkingsiltaket og overvake eventuell påverknad på resipientar. Overvakingsprogrammet skal omfatte grunnvatn, sigevatn, overflatevatn, setningar og ev. deponigass i deponiet, samt prøvetakings- og analysefrekvens.

Overvaking av gamal del av deponiet skal inntil vidare inngå i overvakingsprogrammet for driftsfasen. Driftsansvarleg kan søke om endring i overvaking av etterdrift av gamal del etter at nytt reinseanlegg er etablert og ein har tilstrekkeleg erfaringstal.

Sigevatn skal reinsast så lenge forureiningsstyresmakta meiner det er nødvendig.

11.4 Rapportering til forureiningsstyresmakta

Den driftsansvarlege skal kvart år innan 1. mars rapportere til forureiningsstyresmakta.

Rapporteringa omfattar mellom anna all forureining, avfallsmengder, resultat frå utsleppskontroll og andre miljømessige forhold ved verksemda.

For utslepp av stoff der det ikkje er fastsett presise grenseverdier for utsleppa, vil forureiningsstyresmakta ved gjennomgang av eigenkontrollrapportene vurdere behovet for å fastsette meir presise, og eventuelt strengare, grenser.

Rapporteringa for deponiet skal som minimum omfatte følgjande:

- Totalt deponert avfallsvolum og deponiets restkapasitet
- Typar og mengder deponert avfall for rapporteringsåret, inkludert farleg avfall til deponi, jf. punkt 1.
- Relevante data frå utsleppskontroll og overvaking (konsentrasjon av aktuelle komponentar, årleg vassbalanserekneskap for deponiet og anslag over utslepp av miljømessig betydning).
- Oppdatert framdriftsplan og status for mellombels avslutning skal sendast kvart år i samband med årsrapport
- Tal på luktklagar og lukthendingar det siste året. Det skal gjerast greie for årsak til dei enkelte lukthendingane og/eller luktklagane, og eventuelle tiltak som er gjennomført for å avgrense eller stanse utsleppet.
- Avvik frå løyvet i rapporteringsåret
- Ei årleg samanstilling og fagleg vurdering av utsleppsmengder, overvakingsresultat og trendar, miljørisikovurdering av utsleppa og eventuelt behov for tiltak. Vurdering av effekt av reinseanlegg skal inngå i vurderinga.

Hensikten med rapporteringa er å dokumentere at deponiet blir drifta i samsvar med løyvet. Data, vurderingar og rapportar som ikkje kan rapporterast på skjema i Altinn, skal rapporterast og sendast inn som vedlegg til rapporten i Altinn.

12 Miljøovervaking

12.1 Overvaking etter vassforskrifta

Den driftsansvarlege skal overvake og gjere greie for korleis utslepp frå deponiet påverkar tilstanden i vassførekomsten. Overvakinga skal gjennomførast i samsvar med reglane i vassforskrifta for tiltaksorientert overvaking.

Overvakinga kan gjerast saman med overvakinga av utslepp av frå avfallsanlegget, jf. Løyve etter forureiningslova til avfallsanlegg i Kjevikdalen 19. mars 2025 med løyvenummer 2025.0242.T.

Overvakinga skal gjennomførast av uavhengig fagekspertise i medhald av eit overvakingssystem. Der det er hensiktsmessig kan sjølvprøvetakinga gjennomførast av den driftsansvarlege sjølv i samråd med fagekspertise. Overvakingssystemet skal vise og grunngje kva for element som vil bli undersøkt. Plasseringa av prøvetakingspunkt og prøvetakingsfrekvens, og korleis og i kva for media (biota, sediment mv.) undersøkinga vil bli gjennomført, skal også gå fram av programmet. Ved behov for endring av overvakingssystemet, skal utkast til endringar med grunngjeving sendast forureiningsstyresmakta seinast 1. oktober året før undersøkingane skal gjennomførast.

Ved neste overvaking skal PFAS vere inkludert i overvakingssystemet.

Overvakinga skal gjennomførast med et intervall på 5 år. Dersom verksemda sine utslepp eller tilstanden i vassførekomsten vert endra, kan det bli aktuelt å endre frekvensen for overvaking. Resultata frå undersøkinga skal sendast forureiningsstyresmakta innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Resultata skal inngå i ein rapport som mellom anna gjer greie for om det er sannsynleg at den driftsansvarlege påverkar vassførekomsten.

Overvakingssystemdata skal registrerast i databasen Vassmiljø⁶ innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Data skal rapporterast på Vassmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i medhald til Vassmiljø sine kodeverk finn de på Miljødirektoratet si nettside om vassmiljøkodar⁷.

Statsforvaltaren vil regelmessig vurdere om det er nødvendig med endra krav til overvaking i vassresipient i tråd med krav i vassforskrifta for tiltaksorientert overvaking. Statsforvaltaren kan pålegge verksemda å delta i eit samarbeid med andre aktørar i overvakingssystem som er relevante for den påverknad verksemda eventuelt påfører resipienten.

⁶ [Vassmiljø \(miljodirektoratet.no\)](https://vassmiljo.miljodirektoratet.no)

⁷ [Kodeverk \(miljodirektoratet.no\)](https://vassmiljo.miljodirektoratet.no)

13 Miljørisikoanalyse og beredskap mot akutt forureining

13.1 Miljørisikoanalyse

Bedrifta skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Bedrifta skal vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle hendingar som kan føre til akutt forureining av vatn, grunn og luft, skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og han skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvêr, flaum etc. og framtidige klimaendringar.

Bedrifta skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

13.2 Risikoreducerande tiltak

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal bedrifta, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å redusere miljørisikoen til eit akseptabelt nivå. Dette gjeld både sannsynsreducerande og konsekvensreducerande tiltak. Bedrifta skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

13.3 Beredskap mot akutt forureining

Dersom dei førebyggjande tiltaka ikkje har redusert miljørisikoen til eit akseptabelt nivå, må bedrifta utarbeide ein beredskapsplan med utgangspunkt i miljørisikoanalysen i 13.1.

13.3.1 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal bedrifta utarbeide ein beredskapsanalyse for restrisiko som står att etter at førebyggjande tiltak er sette i verk. For kvar av hendingane som utgjør restrisiko skal bedrifta utarbeide og grunngi: a. organisering av beredskapen b. nødvendig beredskapsutstyr c. nødvendig mannskap d. responstid Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

13.3.2 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurderte til å utgjere størst miljørisiko.

13.3.3 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av verksemda sin internkontrolldokumentasjon. Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario. Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

13.3.4 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gong per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga, inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringar er følgde opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

13.3.5 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift⁸. Bedrifta skal også så snart som mogleg melde frå til Statsforvaltaren gjennom svlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

14 Undersøkingar og utgreiingar

14.1 Utarbeiding av forslag til utsleppsgrenser til vatn

Den driftsansvarlege skal utarbeide forslag til utsleppsgrenser for oppsamla sigevatn. Forslaget skal innehalde konsentrasjonsgrenser for relevante prioriterte og vassregionspesifikke stoff og forslag til årleg utsleppsmengd av stoffa. Årleg vassmengd oppsamla sigevatn etter at dette er redusert til eit minimum, jf. vilkår.3.1. skal gå fram. Tiltak for å oppnå utsleppsgrensene skal også gå fram.

Saman med forslag til utsleppsgrenser skal det legges føre ein oppdatert spreingsberekning, basert på forslag til utsleppsverdiar. Det skal vidare gjerast ein konkret vurdering av om utsleppet kan føre til fare for at miljømålet for resipienten ikkje nås. Forelåtte grenser skal uansett legges vekt på at utslepp av prioriterte miljøgifter skal reduserast mest mogleg. Spreiingsutrekning og vurdering av utsleppet skal gjerast av uavhengig fagkompetanse.

Forslag til utsleppsgrenser med spreingsutrekning og miljøvurdering skal sendast til Statsforvaltaren innan 1. juli 2028.

15 Eigarskifte, omdanning mv.

Dersom verksemda vert overdratt til ny eigar, skal Statsforvaltaren ha melding så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

Nytt driftsansvarleg selskap kan ikkje drive i medhald til løyvet før Statsforvaltaren har mottatt og godkjent tilfredsstillande finansiell garanti frå det nye driftsansvarlege selskapet.

⁸ Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning


Vedlegg 1 Oversikt over PFAS-forbindingar som inngår i Σ PFAS₃₅

Stoffgruppe		Forbinding	Forkorting
Fluortelomer sulfonsyrer (FTSA)	1	4:2 Fluortelomersulfonat	4:2 FTS
	2	6:2 Fluortelomersulfonat	6:2 FTS
	3	8:2 Fluortelomersulfonat	8:2 FTS
Perfluorerte sulfonsyrer (PFSA)	4	Perfluorbutansulfonat	PFBS
	5	Perfluorpentansulfonat	PFPeS
	6	Perfluorheksansulfonat	PFHxS
	7	Perfluorheptansulfonat	PFHpS
	8	Perfluoroktylsulfonat	PFOS
	9	Perfluornonansulfonat	PFNS
	10	Perfluordekansulfonat	PFDS
	11	Perfluorundekansulfonat	PFUnDS
	12	Perfluordodekansulfonat	PFDoS
	13	Perfluorotridekansulfonat	PFTTrDS
Perfluorerte karboksylsyrer (PFCA)	14	Perfluorbutansyre	PFBA
	15	Perfluorpentansyre	PFPeA
	16	Perfluorheksansyre	PFHxA
	17	Perfluorheptansyre	PFHpA
	18	Perfluoroktansyre	PFOA
	19	Perfluornonansyre	PFNA
	20	Perfluordekansyre	PFDeA
	21	Perfluorundekansyre	PFUnA
	22	Perfluordodekansyre	PFDoA
	23	Perfluorotridekansyre	PFTTrA
	24	Perfluortetradekansyre	PFTA
	25	Perfluorheksadekansyre	PFHxDA
Perfluoroktan sulfonamider ("forløpere")	26	Perfluoroktansulfonamid	PFOSA
	27	N-etylperfluoroktansulfonamid	EtFOSA
	28	N-etylperfluoroktansulfonamid-HAc	EtFOSAA
	29	N-etylperfluoroktansulfonamidetanol	EtFOSE
	30	N-metylperfluoroktansulfonamid	MeFOSA
	31	N-metylperfluoroktansulfonamid-HAc	MeFOSAA
	32	N-metylperfluoroktansulfonamidetanol	MeFOSE
	33	Perfluoroktansulfonamid-HAc	FOSAA
Andre fluorerte forbindingar	34	Perfluor -3,7-dimetyloktansyre	PF-3,7-DMOA
	35	7H-Dodekafluorheptansyre	HPFHpA


Vedlegg 2 Trinnvis avslutning av gammalt deponiområde



Vedlegg 3 Prinsippskisse botn- og sidetetting




Vedlegg 4 Prinsippskisse for skilje mellom farleg avfall ordinært avfall




Internvegen inne på deponiet vil avgrense celle for farleg avfall, og vil vere bygd opp med bærande massar saman med subbus. Permeabiliteten for subbus er 1×10^{-7} og for bærelaget 1×10^{-4} .

Vedlegg 5 Oppbygging for avslutningslaga til det gamle deponiområdet




Figur til venstre viser lagoppsett frå eksisterande avslutningsplan. Det er stilt strengare vilkår til tetningslag i tabell 9.1 i løyvet. Figur til høgre viser løysing mellom ny og gammalt deponi.

Vedlegg 6 Prinsippskisse trinnvis avslutting av gammalt deponi



Vedlegg 7 Overvakingspunkt for vatn



Plassering av planlagt manifold er vist med svart sirkel.